

Inge Dyrhol

Kommunestruktur på Søre Sunnmøre

Kommunale tenester og økonomi



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING
VOLDA

2004

Prosjekttittel	Utgreiing av interkommunalt samarbeid/ kommunesamanslåing for Søre Sunnmøre
Prosjektansvarleg	Møreforsking Volda
Prosjektleder	Jørgen Amdam, HVO/MFV
Oppdragsgivar	Søre Sunnmøre Regionråd
Forfattar	Inge Dyrhol
Ansvarleg utgjevar	Møreforsking Volda og Høgskulen i Volda
ISBN	82-7692-214-7 82-7661-202-4
ISSN	0805-6609
Sats	Inge Dyrhol
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål. Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleder (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord.....	5
1. Kommunestruktur i fagøkonomisk perspektiv.....	7
2. Innleiande om tenestetilbod og produktivitet.....	11
Produksjonsindeksar.....	12
3. Brutto driftsutgifter.....	17
Litt attende i tid.....	17
Brutto driftsutgifter sektorvis.....	18
Samanlikning med KOSTRA-grupper.....	20
Ev samanslåingar og KOSTRA-grupper.....	22
4. Inntektssida.....	25
Brutto driftsinntekter 2002.....	25
Samlikningar med KOSTRA-grupper.....	27
Ev samanslåingar.....	28
5. Vurdering av innsparingspotensiale ved kommunesamanslåing.....	31
Nokre innleiande merknader.....	31
Administrasjon	32
Administrasjon, styring og fellesutgifter.....	33
<i>Alternativ for samanslåingar samanlikna med KOSTRA-grupper</i>	33
Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.....	34
Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.....	34
Alle sju kommunane på Søre Sunnmøre.....	34
Volda og Ørsta.....	35
Barnehage	35
<i>Vurdering</i>	36
Grunnskole	36
<i>Søre Sunnmøre</i>	36
Kommunehelse	38
<i>Alternativ for samanslåing samanlikna med KOSTRA-grupper</i>	41
Pleie og omsorg	42
<i>Alternativ for samanslåing samanlikna med KOSTRA-grupper</i>	47
Tekniske tjenester	48
Kultur	53
Litteraturliste.....	55
Vedlegg:	
Appendiks 1: Detaljerte nøkkeltal	
Appendiks 2: Effektivitet og produktivitet	
Appendiks 3: Brutto driftsutgifter 1995-2000 sektorvis samla og for einskildkommunar	
Appendiks 4: Brutto driftsutgifter 2002 etter KOSTRA-funksjonar	
Appendiks 5: Kritisk vurdering av bruk av KOSTRA-grupper til samanlikning med evt. samanslåtte kommunar på Søre Sunnmøre	
Appendiks 6: Statistisk sentralbyrå si gransking av innsparing ved samanslåing av kommunar	

Forord

Møreforskning Volda har hatt i oppdrag å greie ut kommunestruktur og –samarbeid på Søre Sunnmøre. Eg har teke del i arbeidet med den økonomiske sida av problemstillinga, medrekna tenestetilbod. Min bakgrunn for å gjere det er: 1) utdanning som siviløkonom 2) ca 16 års røynsle som kommunal administrasjonssjef og 3) undervisning og ein del FoU-arbeid i kommunal økonomi gjennom dei siste 12 åra.

Hovudrapporten frå prosjektet gjer naturlegvis greie for det viktigaste av det prosjektgruppa har kome fram til på ymse felt. Denne arbeidsrapporten presenterer ein del meir bakgrunnsstoff for kommunal økonomi.

Alternativ for samanslåingar blir her teke for gitt. Dei er:

- Sande, Herøy, Ulstein og Hareid (S/H/U/H)
- Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid (V/S/H/U/H)
- Alle sju kommunane på Søre Sunnmøre
- Volda og Ørsta

Ein har valt å bruke nemningar frå offentleg i same språkdrakt som i statistikken. Stor forbokstav er brukt i slike tilfelle i staden for hermeteikn. Ein bed om orsaking for ev inkonsekvensar.

Volda, april 04

Inge Dyrhol

1. Kommunestruktur i fagøkonomisk perspektiv

Dette er ei berre kort oppsummering som er laga i samband med prosjektet for Søre Sunnmøre. Ho fortener vonleg eit større publikum, men framstillinga er slik at ein om ønskjeleg kan starte lesinga på kapittel 2.

Utifrå økonomisk teori er økonomisk optimal storleik på ein kommune der samfunnsøkonomisk grensekostnad er lik samfunnsøkonomisk grensenytte. Merk at storleik på ein kommune då formelt er definert ved kor mykje kommunen produserer, og ikkje t.d. ved kor mange innbyggjarar som bur i kommunen. Folketal vert likevel sett på som den mest relevante faktoren (King 1996:56), men ein kan jo grovt rekne med at kommunar med stor produksjon også har stort folketal. (Den enklaste måten å ta omsyn til dette er å føresetje lik produsert mengde pr person). Når kommunen sin storleik aukar, vil ein kunne oppnå stordriftsfordelar i produksjonen. På den andre sida vil det oppstå tap fordi ein ikkje så nøyaktig kan oppfylle innbyggjarane sine preferansar, jf pkt 2. Optimal storleik blir då der stordriftsfordelar ved vidare auke ikkje er i stand til å vege opp tapet ved ikkje lenger så nøyaktig å kunne oppfylle innbyggjarane sine preferansar. På denne måten vil tilhøve både på tilbods- og etterspurnadssida vere avgjerande for optimal storleik.

2

Ovanfor er det truleg tankane kring preferansar som er mest framande for dei som ikkje kjenner faget økonomi. Her er ei svært enkel framstilling. Eit viktig utgangspunkt i faget økonomi er folk sine preferansar. Avvik frå oppfylling av folk sine preferansar vert rekna som tap. Dess større ein kommune blir, dess meir sannsynleg er at preferansane blir meir ulike. På den andre sida kan ein neppe rekne med at tilbodet i alle fall blir meir individtilpassa dess større ein kommune blir, helst blir det meir standardisert. Ein reknar difor med at dess større ein kommune blir, dess større blir tap som følge av manglande oppfylling av folk sine preferansar. Faguttrykket er tap på grunn av svakare allokerings effektivitet.

3

I samfunnsøkonomisk grensenytte er også medrekna internalisering av positive eksterne verknader. Når kompetansesenteret i Volda står ferdig, vil det ikkje berre bli til nytte for folk i Volda, men også for folk i grannekommunar. Deira nytte er eit eksempel på positive eksterne verknader. Dersom alle kommunane der folk har nemnande nytte av tiltaket vert slått saman, blir desse verknadene internaliserte. (Det er då vanleg å rekne med at prosjekt lettare blir gjennomført, i alle fall dersom kommunale løyvingar er eit vesentleg beløp i finansieringsplanen).

4

Ei viktig avgrensing er at resonnementet i pkt 1 gjeld for produksjon av berre eitt produkt (vare/teneste). Resonnementet må gjerast for kvart enkelt produkt, og optimal storleik vil

varierte m.a. utifrå graden av stordriftsfordelar i produksjonen av dette produktet. Kommunane er organisasjonar med mange produkt, men må naturlegvis ha ein bestemt storleik.

Dersom ein hadde bra nok data, som neppe er oppnåeleg – jf pkt 6, kunne ein tenkje seg ei slags vekting av produkt for i alle fall å kome vidare. Dessutan ville ein då kunne ha nytte av resonnementet ved vurdering av samarbeid med varierende tal kommunar for ulike produkt.

Men trass i avgrensinga gjeld framleis følgjande. Føreset at ein ved vurdering av kommunestruktur også er interessert i økonomisk effektivitet. Då må ein ta omsyn til faktorar både på tilbods- og etterspurnadssida.

5

I samfunnsøkonomiske kalkylar er i utgangspunktet heile nasjonen avgjerdseining, dvs at ein ved vurdering av kommunestruktur definerer optimalt i ein nasjonal og ikkje ein regional samanheng. Men samfunnsøkonomiske kalkylar kan også vere regionale, og ein kallar dei då gjerne regionaløkonomiske.

Dette at folk med heller like preferansar kan finne det tenleg å samarbeide i kommunar o.l. kallast klubbteori. Ein startar såleis nedanfrå. Uttrykket samfunnsøkonomisk i resonnementet i pkt 1 kan difor vonleg presiserast til regionaløkonomisk. Å finne ein samfunnsøkonomisk optimal kommunestruktur sett frå nasjonalt nivå er nok ei endå meir krevjande oppgåve.

Når ein arbeider med kommunestruktur med bestemte kommunar som oppdragsgjevar, har analysen oftast fokus på regional utvikling. Ev kalkylar er i regelen kommunaløkonomiske, og ikkje regionaløkonomiske. Dersom ein makta å gjere regionaløkonomiske analysar, ville det naturlegvis ha heva standarden på slikt utgreiingsarbeid.

Pkt 1 er prinsipielt på høgt nivå. I regionaløkonomiske analysar vil overføringar over grensene til og frå også kommuneorganisasjonen vere relevante å ta med i praktiske kalkylar. T.d. er rammetilskot ein inn-post. På nasjonalt nivå vil dette vere både ein inn- og ut-post, og kan oversjåast.

6

Det er eit stort problem at kostnader og produsert mengde er vanskeleg å måle i så mangfaldige organisasjonar som kommunar. At produkt i stor grad er ”mjuke” tenester forsterkar dette. Nyttan folk har av forbruket av kommunale produkt er ikkje enklare å måle. Forskinga kjenner lite til korleis tilhøvet mellom endringar i allokeringseffektivitet og endringar i kostnader utviklar seg når kommunestorleiken endrar seg. Den direkte praktiske nyttan av resonnementet i pkt 1 kan difor vere liten.

7

Dersom ein trur at folk i dei kommunane ein vurderer for samanslåing har om lag same preferansar, vil økonomiske vurderingar i stor grad dreie seg om stordriftsfordelar. (I så fall vil vel ev innvendingar om redusert demokrati også måtte få mindre tyngde?)

8

Røyndomen er ikkje slik at å produsere ei viss mengd av eit produkt burde koste det same i alle kommunar. Ein vil her særleg trekkje fram den romlege dimensjonen.

Ein del produkt kan t.d. vere dyrare å produsere i griskrendte strok enn i tettbygde, og m.a. topografi og klima har sitt å seie. Ymse slags gjennomsnitt, t.d. gjennomsnitt for grupper av kommunar som liknar kvarandre, kan vere til ei viss hjelp. Men eit rimeleg bra bilete av kva kostnadane burde vere både for konkrete eksisterande kommunar og kommunar etter samanslåing er svært krevjande å skaffe seg.

Når ein skal vurdere samfunnsøkonomisk kostnad, skal kostnaden for alle grupper i samfunnet med. Ved å sjå på produsert mengde utan å trekkje inn den romlege dimensjonen, vert t.d. kostnaden folk får med lenger reiser til kommunesenteret oversett.

9

I samband med at reiser til kommunesenter er nemnt i pkt 8 vil ein presisere følgjande. Dersom ein først går utover ein kommunaløkonomisk analyse i retning av ein regionaløkonomisk, bør ein ta med alle viktige postar, eller i alle fall presisere kva ein gjer, og bruke data på fagleg forsvarleg måte. Samanslåing av kommunar har mange positive og negative verknader for grupper utanfor kommuneorganisasjonane. Ev samanslåingar blir vel først og fremst gjort på grunn av forventa positive verknader for næringslivet? T.d. å ta utgangspunkt i kommunaløkonomisk gevinst, finne at denne er lik eller mindre enn auka reisekostnader for folk, og så slutte at samanslåing ikkje har noko for seg, er eit resonnement som ikkje er tufta på fagkunnskap i økonomi.

Her kan det vere på sin plass å presisere at ein nytte kostnad analyse, som er ei form for samfunnsøkonomisk analyse, i regelen ikkje søkjer etter optimale løysingar, men prøver å klarleggje nytte og kostnad for eit på førehand definert tiltak. Ein regionaløkonomisk nytte kostnad analyse for tiltaket samanslåing av eksisterande kommunar søkjer såleis ikkje optimale løysingar i streng meining.

10

King (1996) har laga ein modell for utgreiing av optimalt folketal for kommunar. Denne drøftinga er framheva av Baily (1999). Ein kan merke seg at også denne modellen berre gjev ein optimal storleik for ei bestemt teneste, og ikkje for eit mangfald av tenester.

Det må og til svært restriktive føresetnader for å kunne finne ei "løysing" på modellen, m.a. at folk har like inntekter og at teknologien i produksjonen er uendra over tid. Men teknologien endrar seg jo. Det følgjer at optimalt folketal skiftar over tid. Dess raskare inntekter og teknologi endrar seg, dess oftare er det behov for å vurdere kommunegrensene utifrå økonomiske omsyn.

King (1996:75) konkluderer ikkje overraskande med at når kommunestorleik blir vurdert endra, så bør nytte og kostnad vurderast. Ein viktig nyttepost kan vere stordriftsfordelar, medan individet sitt tap av kontroll med kvantitet (og kvalitet) kan vere ein viktig post på kostnadssida. Her er vi attende i klubbteorien sin tankegang, og kan i teorien finne eit regionaløkonomisk optimum.

11

Når ein skal vurdere den økonomiske sida ved kommunestruktur, er det i praksis nødvendig å resignere/gjere kompromiss i høve til teorien på svært mange punkt. Det er likevel viktig å ha teorien i tankane. Alt anna likt får ein tru resignasjonane/kompromissa då vert meir kvalifiserte. Å ignorere økonomiske omsyn i vurdering av kommunestruktur fører venteleg til samfunnsøkonomisk tap, som dersom ikkje det offentlege skaffar seg tilsvarende inntekter t.d. gjennom auka skattar, m.a. kan tenkjast å svekkje romet for velferdsordningar i samfunnet.

I praksis er dei økonomiske kalkylane i utgreiingar om kommunestruktur kommunaløkonomiske. Det er ev prisverdig å gjere somme regionaløkonomiske reknestykke som supplerande materiale. Ein må likevel ikkje setje i prinsippet fullstendige kommunaløkonomiske kalkylar og punktvis regionaløkonomiske reknestykke direkte opp mot kvarandre, jf pkt 9.

12

Resten av dette arbeidet er kommunaløkonomisk analyse.

2. Innleiande om tenestetilbod og produktivitet

Detaljerte nøkkeltal

På nettstaden <http://www.ssb.no/kostra/> under Detaljerte nøkkeltall for kommunar kan ein sektorvis finne svært mykje informasjon som kan prentast ut t.d. i rekneark. Ein kan velje einskildkommunar, grupper av kommunar som liknar kvarandre (KOSTRA¹-grupper), gjennomsnitt for kommunane i fylke og landsgjennomsnitt u/Oslo. Ein kan jamvel lage seg egne grupper, t.d. kommunane på Søre Sunnmøre. I samband med prosjektet er det sett på desse nøkkeltala. Stordriftsfordelar tilseier - ikkje heilt alvorleg meint – at arbeidet vert gjort tilgjengeleg. Ein har avgrensa sektorane til dei som er mest relevante å vurdere ved kommunesamanslåing, eller som departementet i sin rettleiar nemner som ønskeleg å gjere greie for. Av ymse grunnar er også gjort vidare avgrensingar. Ein viser til Appendiks 1.

Utvalde dekningsgrader

Først litt om kva ein dekningsgrad er. Dersom ein t.d. innanfor institusjonsomsorg nyttar ein indikator som årsverk av pleiepersonell dividert på storleik målgruppe, kan denne delast i to. Først kan ein dividere årsverk av pleiepersonell på talet på institusjonsplassar. Denne brøken kan tolkast som uttrykk for *standard* (kanskje kvaliteten) på tilbodet. Så kan vi dividere talet på institusjonsplassar på storleik målgruppe. Denne brøken blir då *dekningsgraden*.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har valt ut nokre nøkkeltal i form av dekningsgrader som særskilt viktige for å vurdere det kommunale tenestetilbodet. Tabell 1 viser desse. Søre Sunnmøre kjem bra ut for fleire viktige område. Det kan vere mindre behov som gjer at graden er låg på somme område med sosialt preg. Når det gjeld dekningsgrader for kvar kommune, er det vesentlege variasjonar.

2002	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre	Møre og Romsdal	Kommunane u/Oslo
Dekningsgrad										
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	58,6	70,0	58,7	60,3	64,1	90,0	71,5	68,3	63,5	65,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	3,2	4,9	4,8	4,0	4,8	8,1	6,8	5,6	6,4	5,7
Legearvsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	14,5	10,4	8,9	10,0	6,2	7,1	10,1	9,3	8,9	8,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	5,0	1,9	6,3	6,7	7,0	6,5	8,5	6,6	7,1	7,9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	67,8	79,2	78,8	65,9	82,2	72,3	82,8	76,3	76,4	73,7
Andel plasser i enerom i kommunale pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	94,6	83,5	77,3	91,8	65,6	92,9	85,7	83,0	81,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,0	2,3	2,9	2,8	3,9	2,7	3,8	3,1	3,8	4,4
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	1,8	3,3	2,7	2,8	3,5	2,6	2,6	2,7	2,9	3,2
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1000 innbygger	16,5	14,6	10,1	10,6	12,9	12,8	13,2	12,5	11,1	9,0
Syssel-, gangveier/turstier mv. i tettsteder m/kom. driftsansvar. km/10 000 innb. i tettsteder	77,0	55,0	19,0	23,0	62,0	19,0	30,0	30,0	27,0	24,0
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbygger	19,0	25,0	12,0	14,0	6,0	24,0	11,0	15,0	19,0	20,0

Tabell 1: KOSTRA: Utvalgte nøkkeltall, Dekningsgrader.

Kjelde: SSB

¹ KO(mmune) ST(at) RA(pportering). Sjå Appendiks 1 for nærare forklaring.

Det tekniske beregningsutvalget sine produksjonsindeksar for 2002

Produksjonsindeksar

For åra frå og med 2000 har Det tekniske beregningsutvalget for kommunal og fylkeskommunal økonomi på grunnlag av KOSTRA-data rekna ut ein produksjonsindeks for kommunane. Produksjonsindeksen seier noko om kommunen sin samla tenesteproduksjon. Han er vekta saman av indeksar for sektorar. Tabell 2 viser korleis produksjonsindeksar er framstilt, og tabell 3 viser resultatet for kommunane på Søre Sunnmøre.

Terminologien innan produktivitets- og effektivitetsanalyse er svært varierende. Her er ein variant som vonleg likevel set produksjonsindeks i ein samanheng. *Effektivitet (E)* blir definert som *effekt (e)* dividert på *ressursbruk (r)*. Effekt kan presiserast som *grad av måloppfylling*. Når ein kommune lagar sine målsettingar er det rimeleg å vente at kommunen tek omsyn til m.a. kvalitetskrav og preferansane til innbyggjarane. *Produkt (produksjon) (p)* vert definert som produsert mengde av varer og tenester, for kommunar mest tenester. Dersom ein no set inn *p* både i teljar og nemnar i brøken som viser *E*, vil vi få $E = P$ multiplisert med e/p , der *produktivitet (P = p/r)*. Populært kan ein seie at e/p viser i kva grad ein ”produserer dei retta produkta”, medan *P* viser kor ”rett måte produkta vert produserte på”. Effektivitet er å ”produsere dei rette produkta på rett måte”. Appendiks 2 gjer nærare greie for dette.

Ideelt er det effektivitet ein bør klarleggje, men måling av effekt er ofte så vanskeleg at ein resignerer. Enkelt sagt viser produksjonsindeksar verken produktivitet eller effektivitet, men prøver ved hjelp av *indikatorar* (nøkkeltal) å seie noko om produkt. Nokre av indikatorane er nok likevel bra peikepinnar på effekt, t.d. andel einerom på institusjonar for eldre. Utvalet legg og fram tal som gjev grunnlag for å seie noko om produktiviteten i kommunane, sjå tabell 5 og figur 1.

Sektor/ Indikator	Vekt
Barnehage (BH)	
Alderskorrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager i forhold til antall barn 0-5 år (alderskorrigert)	0,844
Antall m ² leke og uteareal per barn i kommunale barnehager	0,086
Andel barn 0-5 år i privat barnehage med kommunal støtte	0,035
Støttebeløp per barn	0,035
Grunnskole (GS)	
Årstimer per elev	0,936
Andel innbyggere i alderen 6-9 år med plass i kommunale SFO	0,032
Andel av brukerne av SFO med oppholdstid 15 timer eller mer	0,032
Primærhelsetjeneste (PH)	
Antall legeårsverk per 10 000 innbyggere	0,361
Antall fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere	0,361
Antall helsesøsterårsverk per 10 000 innbyggere 0-6 år (f 232)	0,278

Pleie og omsorg (PO)	
Andel av innbyggerne over 80 år som mottar hjemmetjenester	0,218
Andel av innbyggerne over 80 år med plass i institusjon	0,270
Andelen av institusjonsplasser som er i enerom	0,270
Andel brukere av hjemmetjeneste med både praktisk bistand og hjemmesykepleie	0,218
Andel av innbyggerne over 80 år med botilbud utenfor institusjon	0,024
Barnevern (BV)	
Andel barn 0-17 år omfattet av barnevernsundersøkelse	0,315
Andel barn 0-17 år omfattet av tiltak	0,685
Sosialkontortjenester (SK)	
Andel innbyggere 20-66 år som mottar økonomisk sosialhjelp	0,500
Gjennomsnittlig utbetaling per stønadsmåned	0,500
Teknisk sektor (TEK)	
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal vannforsyning	0,224
Andel av vannkvalitetsprøver med godkjent resultat	0,224
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal avløpsordning	0,552
Samlet indeks (TOT)	
Barnehager	0,103
Grunnskole	0,353
Primærhelsetjeneste	0,060
Pleie og omsorg	0,384
Barnevern	0,032
Sosialkontortjenester	0,068

Tabell 2: Oversikt over indikatorar og vektorer i delindeksane og i samla produksjonsindeks for 2002

Kjelde: Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2003

Det blir også rekna ut ein delindeks for tekniske tenester. Denne er ikkje med pga manglande data. I tabell 4 er likevel med ein del data for kommunane på Søre Sunnmøre. For kultur og samferdsel har ein ikkje funne tilfredsstillande indikatorar å leggje fram.

	Delindeksar						Samla produksjonsindeks
	Barnehagar	Grunnskule	Barnevern	Primærhelseteneste	Pleie- og omsorg	Sosialkontortjenester	
Vanylven	136,8	128,7	49,4	112,8	110,1	66,8	114,7
Sande	91,1	129,3	118,9	85,0	123,2	66,4	115,8
Herøy	75,2	97,2	87,2	95,0	116,7	78,0	100,7
Ulstein	67,0	105,7	80,5	97,3	97,0	78,1	95,2
Hareid	146,2	107,3	106,9	88,9	117,9	85,5	112,8
Volda	114,5	107,0	69,0	99,9	101,3	80,8	102,2
Ørsta	104,7	107,1	76,4	111,4	113,2	87,9	107,2
Søre Sunnmøre	101,7	108,1	81,0	100,3	110,0	80,0	105,0

Tabell 3: Delindeksane for sektorane og samla produksjonsindeks for kommunane på Søre Sunnmøre.

Kjelde: Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2003

I tabell 3 er 100 er normalt. Data for 384 kommunar ligg til grunn. Folketal er brukt som vekter.

I tabell 3 kan ein samanlikne delindeksane med samla produksjonsindeks og sjå kva sektorar dei ymse kommunane har større delindeks enn samla indeks for. Ein kan tolke dette som uttrykk for prioritering, men ikkje lausrive frå behov. Det er t.d. grunn til å tru at den låge satsinga på sosialkontortjenester hadde samanheng med mindre behov enn gjennomsnittleg for landet. Likevel synest det utifrå dette materialet å vere til dels store skilnader i kva sektorar kommunane satsar på.

	TEK1	TEK2	TEK3	TEK
Vanylven	48,9	105,2	43,0	58,3
Sande	90,5	105,2	76,1	85,9
Hareid	98,5	101,0	85,3	91,8
Volda	89,9	98,9	100,3	97,6
Ørsta	75,3	100,7	89,6	88,9
Teknisk sektor (TEK)				
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal vannforsyning 0,224				
Andel av vannkvalitetsprøver med godkjent resultat 0,224				
Andel av innbyggerne tilknyttet kommunal avløpsordning 0,552				

Tabell 4: Delindeks (TEK) for teknisk sektor, og indeksar for dei tre indikatorane for sektoren
Kjelde: Kommunal- og arbeidsdepartementet


Departementet har ikkje tal for teknisk sektor i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.

Produktivitet

Det tekniske beregningsutvalget for kommunal og fylkeskommunal økonomi gjer ei vidare utrekning som kan tolkast som ein freistnad på å seie noko om produktivitet. Utvalet innfører omgrepet *korrigert inntekt*. Dette er inntektene, som omfattar inntekts- og formuesskatt, rammeoverføringar og konsesjonskraftinntekter, korrigert for skilnader i berekna utgiftsbehov. Kostnadsnøkkelen i inntektssystemet vert nytta til å deflatere dei frie inntektene. 100 gjev uttrykk for normal korrigert inntekt. Når tilhøvet mellom samla produksjonsindeks og korrigert inntekt er stort, kan dette tolkast slik at kommunen får mykje ut av dei økonomiske ressursane han har til rådvelde, etter at det er teke omsyn til kor tungvint kommunen er å drive (m.a. av demografiske og geografiske årsaker).

	TOT	KI	TOT/KI
Vanylven	114,7	90,0	1,27
Sande	115,8	101,0	1,15
Herøy	100,7	91,0	1,11
Ulstein	95,2	94,0	1,01
Hareid	112,8	90,0	1,25
Volda	102,2	91,0	1,12
Ørsta	107,2	90,0	1,19
Søre Sunnmøre	105,0	91,6	1,15

Tabell 5: Samla produksjonsindeks (TOT) og korrigert inntekt (KI) og tilhøvet mellom dei
Kjelde: Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2003



Figur 1: Tilhøvet mellom samla produksjonsindeks (TOT) og korrigert inntekt (KI)

Kjelde: På grunnlag av data i *Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi november 2003*

Det er heller nytt at det vert rekna ut slike produksjonsindeksar. Sjølv om verken omgrepa eller framgangsmåten er fullgode, noko utvalet sjølv presiserer, representerer ein systematisk måte å bruke KOSTRA-data på.

Alle kommunane på Søre Sunnmøre har TOT/KI større enn 1. Dette tyder på at produktiviteten er bra. Tala varierer likevel ein heil del.

Vekta med folketal pr 01.01.03 blir TOT/KI for Søre Sunnmøre 1,15. Vekta på same vis vert korrigerde inntekter for Søre Sunnmøre 91,6. Sjølv med klart mindre korrigerde inntekter enn gjennomsnittleg for kommunane i materialet, klarer kommunane på Søre Sunnmøre å produsere ca 5% meir enn gjennomsnittet i følgje dei indeksane utvalet legg til grunn (samla produksjonsindeks 105). Noko av forklaringa kan vere at kommunane brukte lite på teknisk sektor, som ikkje er med.

Verdi og fordelingsverknader av kommunale tenester

Denne bolken byggjer på Langørgeren og Aaberge (2003). Føremålet er å talfeste kva verdi kommunale tenester har for folk, og granske om dei skaper auka likskap eller ikkje.

Ein innfører følgjande omgrep:

- (1) Utvidet inntekt = Privat inntekt etter skatt + Kommunale brukersubsidier
- (2) Privat inntekt = Inntekt etter skatt + Kontantoverføringer² – Skatter
- (3) Kommunale brukersubsidier = Verdien av kommunal tjenester – kommunale gebyr

² Trygdeytningar, sosialhjelp o.l.

Kommune	Utvidet inntekt		Kommunale brukersubsidier	
	Kroner per innbygger	Ulikhet (Gini)	Kroner per innbygger	Konsentrasjonskoeffisienten
1511 Vanylven	211 300	0,186	23 300	-0,071
1514 Sande	220 200	0,200	23 900	-0,061
1515 Herøy	243 400	0,234	26 100	-0,067
1516 Ulstein	242 800	0,218	26 000	-0,035
1517 Hareid	220 700	0,207	22 000	0,011
1519 Volda	211 000	0,181	25 900	-0,044
1520 Ørsta	212 400	0,174	26 400	-0,015

Tabell 6: Fordeling av inntekt 1998

Tabell 6 viser for det første Utvidet inntekt i kr pr innb etter definisjon (1), jf (2). Gini-koeffisient er eit mål for ulikskap. Ein Gini-koeffisient på 0 tilseier heilt lik fordeling, på 1 at all inntekt fell på ein innbygger. Ulikskapen i fordelinga av Utvidet inntekt er såleis høgst i Herøy og lågast i Volda. Samanlikna med alle kommunane m/Oslo³ er det likskap som pregar Søre Sunnmøre. Ulstein ligg faktisk akkurat på landsgjennomsnittet. Gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal er 0,195.

I følgje tabell 6, jf definisjon (3), er det Ørsta som gjev innbyggerane sine netto mest att, nemleg kr 26400 pr innb, men Herøy, Ulstein og Volda ligg om lag på same nivå. For alle kommunane m/Oslo er beløpet kr 25800 pr innb, for kommunane i Møre og Romsdal kr 25000.

Konsentrasjonskoeffisienten viser om Kommunale brukersubsidier fører til auka likskap eller ulikskap, og slik det blir auka likskap når koeffisienten er negativ, og denne verknaden er kraftigare dess meir negativ koeffisienten blir. I Hareid fører altså dei kommunale tenestene til noko større ulikskap, medan den utjamnande verknaden er størst i Vanylven. For kommunane m/Oslo er konsentrasjonskoeffisienten $-0,015$ (som for Ørsta), for kommunane i Møre og Romsdal $-0,026$.

Generelt kan ein seie at sentrale kommunale tenester overfor barnefamiliar og eldre går til grupper som gjennomsnittleg ikkje har små inntekter, heller middels.

³ For Oslo er det teke bort tenester som vanlegvis er fylkeskommunale

3. Brutto driftsutgifter

Litt attende i tid

Tabell 7 viser at kommunane på Søre Sunnmøre i 2002 hadde brutto driftsutgifter på knapt 1,7 mrd kroner. Dette var i løpende kroner 63% meir enn i 1995. Til samanlikning kan nemnast at om ein set bruttonasjonalproduktet (BNP) til 1 i 1995, vil det etter førebelse tal frå SSB ha auka med faktoren 1,64 til 2002, dvs at brutto driftsutgifter i kommunane på Søre Sunnmøre har auka om lag i takt med BNP. I heile perioden 1995-2002 hadde kommunane på Søre Sunnmøre brutto driftsutgifter på ca 10,5 mrd kr. Tabell 7 viser ein ikkje liten variasjon i auken i denne bolken mellom kommunane. Slik indeksar kan vere vare for kva år ein startar.

Utviklinga i driftsutgifter 1995-2002 for kvar kommune (mill kr løpande og indeks)									
	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Sum
Vanylven*)	86	93	97	108	110	116	124	142	877
	1	1,07	1,13	1,25	1,28	1,35	1,43		
Sande*)	79	81	86	94	103	113	127	131	815
	1	1,03	1,08	1,19	1,30	1,43	1,61		
Herøy	162	175	191	211	228	242	263	282	1754
	1	1,07	1,18	1,3	1,40	1,49	1,62	1,74	
Ulstein	154	166	168	198	209	216	224	237	1572
	1	1,08	1,09	1,29	1,36	1,40	1,45	1,54	
Hareid	110	116	118	133	141	152	162	175	1107
	1	1,06	1,08	1,22	1,29	1,39	1,47	1,59	
Volda	186	188	197	226	238	262	297	307	1901
	1	1,01	1,06	1,22	1,28	1,41	1,60	1,65	
Ørsta	241	252	264	285	321	355	354	383	2455
	1	1,05	1,10	1,18	1,33	1,48	1,47	1,59	
Søre Sunnmøre	1019	1070	1121	1255	1351	1456	1551	1657	10481
	1	1,05	1,10	1,23	1,33	1,43	1,52	1,63	
*) Åram overført frå Sande til Vanylven 01.01.2002, ca 380 pers									


Tabell 7: Utviklinga i brutto driftsutgifter 1995-2002 for kommunane på Søre Sunnmøre

Kjelde: SSB

I Appendiks 3 er det i tillegg gjort ei sektorinndeling på data frå 1995 til 2000, då det kom ei ny sektorinndeling i statistikken.

2002

Som figur 2 viser er det berre Sande kommune som i 2002 hadde høgare brutto driftsutgifter pr innb enn gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo. Når ein ser bort frå Sande på kr 50340, er det ca 10,6% skilnad frå Herøy sine kr 33699 til Vanylven sine kr 37284. Som ventande er det kommunane med minst folketal som har høgast brutto driftsutgifter pr innb. For kommunane på Søre Sunnmøre er det elles vanskeleg å sjå nokon samanheng mellom folketal og brutto driftsutgifter pr innb.



Figur 2: Brutto driftsutgifter kr pr innb i 2002

Kjelde: SSB

Brutto driftsutgifter sektorvis

2002 1000kr/kr pr innb 1.1. 2003	Vanylven		Sande		Herøy		Ulstein		Hareid		Volda		Ørsta	
Adm, styring og fellesutg	11240	2942	11563	4449	22931	2745	32914	4897	16859	3564	23947	2873	25012	2436
Barnehage	10864	2844	6006	2311	15862	1899	8963	1334	13048	2759	18057	2166	32843	3198
Grunnskole	39349	10301	30765	11837	78685	9418	71194	10593	51990	10992	91756	11009	96437	9391
Kommunehelse	8634	2260	6182	2379	15173	1816	8337	1240	6280	1328	13035	1564	13246	1290
Pleie og omsorg	40775	10674	52224	20094	78770	9428	60350	8979	46296	9788	89309	10715	110404	10751
Sosialtjenester	2219	581	1772	682	10760	1288	2997	446	4621	977	8679	1041	14790	1440
Barnevern	629	165	930	358	4700	563	4869	724	2741	579	4745	569	5949	579
Vann, avløp, renov./avfall	7193	1883	5435	2091	10553	1263	8455	1258	11243	2377	5161	619	13658	1330
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø	1876	491	1344	517	2905	348	4440	661	2631	556	3437	412	8099	789
Kultur	2660	696	734	282	5714	684	5677	845	2185	462	8270	992	8590	836
Kirke	2078	544	1398	538	4177	500	2449	364	1567	331	3377	405	4095	399
Samferdsel	3394	888	2134	821	6014	720	4189	623	2934	620	6767	812	11479	1118
Bolig	1966	515	1976	760	4517	541	2754	410	1071	226	9037	1084	5203	507
Næring	3820	1000	1183	455	2695	323	1633	243	3248	687	3267	392	9544	929
Brann og ulykkesvern	1661	435	1055	406	3528	422	3063	456	1446	306	4471	536	4920	479

Tabell 8: Fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar

Kjelde: SSB

Appendiks 4 viser fordelinga på KOSTRA-funksjonar.


Summen av brutto driftsutgifter for sektorane i ein kommune i tabell 8 ikkje er fullt så stor som brutto driftsutgifter for kommunen i figur 2. Sektorinndelinga er ikkje heilt uttømande, og sjukelønsrefusjon er trekt frå (SSB).

Brutto driftsutgifter 2002 % sektorar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre	Møre og Romsdal	Kommunane u/Oslo
Adm, styring og fellesutg	7,9	8,8	8,1	13,9	9,7	7,8	6,5	8,7	9,1	9,3
Barnehage	7,6	4,6	5,6	3,8	7,5	5,9	8,6	6,4	6,2	7,2
Grunnskole	27,6	23,5	27,9	30,0	29,8	29,8	25,2	27,8	24,9	24,6
Kommunehelse	6,1	4,7	5,4	3,5	3,6	4,2	3,5	4,3	4,3	4,2
Pleie og omsorg	28,6	39,9	28,0	25,4	26,5	29,0	28,8	28,9	29,7	26,7
Sosialtjenester	1,6	1,4	3,8	1,3	2,6	2,8	3,9	2,8	3,7	4,7
Barnevern	0,4	0,7	1,7	2,1	1,6	1,5	1,6	1,5	1,5	2,2
Vann, avløp, renov./avfall	5,1	4,2	3,7	3,6	6,4	1,7	3,6	3,7	4,6	5,2
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø	1,3	1,0	1,0	1,9	1,5	1,1	2,1	1,5	1,3	1,5
Kultur	1,9	0,6	2,0	2,4	1,3	2,7	2,2	2,0	2,6	3,3
Kirke	1,5	1,1	1,5	1,0	0,9	1,1	1,1	1,2	1,2	1,1
Samferdsel	2,4	1,6	2,1	1,8	1,7	2,2	3,0	2,2	2,2	1,8
Bolig	1,4	1,5	1,6	1,2	0,6	2,9	1,4	1,6	1,6	1,8
Næring	2,7	0,9	1,0	0,7	1,9	1,1	2,5	1,5	1,4	1,2
Brann og ulykkesvern	1,2	0,8	1,3	1,3	0,8	1,5	1,3	1,2	1,5	1,4

Tabell 9: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar

Kjelde: SSB

Tabell 9 får her tale for seg sjølv. Eitt punkt bør likevel straks nemnast. Ein kjem attende til Adm, styring og fellesutgifter for Ulstein. Det svært store talet for Ulstein har med rekneskapsteknikk å gjere.




Figur 3: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter 2002 på sektorar

Figur 3 viser at kommunane på Søre Sunnmøre brukar ein høvesvis stor del av brutto driftsutgifter til Grunnskole, Kommunehelse, Fysisk planlegging/kulturminne/naturvern/nærmiljø, Kirke, Samferdsel og Næring. For desse sektorane brukar ein prosentvis minst like mykje som både kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo. Grunnskole peikar seg ut, ikkje minst på grunn av den absolutte storleiken brutto driftsutgifter på denne sektoren har. For sektoren Barnehage er prosentdelen større enn for kommunane i Møre og Romsdal, men mindre enn for kommunane u/Oslo. For Pleie og omsorg er prosentdelen større enn for kommunane u/Oslo, men mindre enn for kommunane i Møre og Romsdal. Når ein tek omsyn til dei store absolutte tala for denne

sektoren, er avstanden til kommunane u/Oslo vesentleg. Av dei andre sektorane kan ein nemne den låge prosenten som går til Sosialtjenester. Ein brukar også høvesvis lite til Administrasjon, styring og fellesutg.


Samanlikning med KOSTRA-grupper

Ein viser til Appendiks 1 når det gjeld utgreiing om KOSTRA-grupper.




Figur 4: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar på Søre Sunnmøre i gruppe 1 og alle kommunar i gruppe 1.

Frå figur 4 kan følgjande trekkast fram. Vanylven og Hareid brukar høvesvis meir på Barnehage, Grunnskole og Næring enn gjennomsnittleg i gruppa, og mindre til Adm, styring og fellesutg og Kultur.



Figur 5: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar (Sande) på Søre Sunnmøre i gruppe 2 og alle kommunar i gruppe 2.


Frå figur 5 kan følgjande trekkast fram. Sande brukar mindre på Barnehage enn gjennomsnittleg for gruppa. Ein brukar ikkje stort meir på Grunnskole enn gjennomsnittleg, men svært mykje meir til Pleie og omsorg. Vidare brukar Sande høvesvis lite på Næring. Figur 3 viser at kommunane på Søre Sunnmøre brukar ein mindre del av brutto driftsutgifter til Kultur enn kommunar flest, men Sande brukar særleg lite i høve til gjennomsnittet i si gruppe.



Figur 6: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar (Ørsta) på Søre Sunnmøre i gruppe 8 og alle kommunar i gruppe 8.

Frå figur 6 kan følgjande trekkast fram. Ørsta brukar meir på Barnehage og Pleie og omsorg enn gjennomsnittleg i gruppa, men mindre på Grunnskole og Kommunehelse. Kommunane på Søre Sunnmøre brukar ein etter måten stor del av brutto driftsutgifter på Næring, og dette gjeld ikkje minst for Ørsta i høve til alle kommunar i gruppe 8.

Frå figur 7 kan følgjande trekkast fram. Dei tre kommunane på Søre Sunnmøre brukar mindre til Barnehage enn gjennomsnittleg for alle kommunane i gruppe 11, og Ulstein minst. Dei tre kommunane brukar ikkje meir til Pleie og omsorg enn gjennomsnittleg for alle kommunane i gruppe 11, ja Herøy og særleg Ulstein mindre. Herøy ligg nær opp til gjennomsnittet for gruppa når det gjeld Sosialtjenester. Ulstein ligg over gjennomsnittet for gruppa for Barnevern. Dei tre kommunane på Søre Sunnmøre i gruppe 11 brukar mindre enn gjennomsnittet for alle kommunane i gruppa på Næring.




Figur 7: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Kommunar på Søre Sunnmøre i gruppe 11 og alle kommunar i gruppe 11.

Ev samanslåingar og KOSTRA-grupper

I samanlikningar som nedanfor er brutto driftsutgifter i ev nye større einingar berre rekna som summen av brutto driftsutgifter i dei noverande kommunane. Samanlikningane kan brukast som eit grovt *utgangspunkt* for vurdering av sektorar med innsparingspotensiale. I Appendiks 5 er ei kritisk vurdering av samanlikningsgrunnlaget.

Ev samanslåingar av Sande, Herøy, Ulstein og Hareid, av desse fire kommunane og Vanylven, og av alle kommunane på Søre Sunnmøre, vil for alle tre alternativ bli kommunar i gruppe 13 Store kommuner utenom de fire største byene, fordi det vert kommunar med over 20000 innb.

Frå figur 8 kan følgjande trekkast fram. S/H/U/H og V/S/H/U/H brukar høvesvis ein god del meir av brutto driftsutgifter til Adm, styring og fellesutg enn gjennomsnittet av alle kommunane i gruppe 13. Søre Sunnmøre brukar berre litt meir. (På grunn av at Ulstein har nytta anna rekneskapsteknikk blir beløp for alternativa på Søre Sunnmøre for store, noko ein framleis kjem attende til). Alle dei tre alternativa for samanslåingar brukar mindre til Barnehage, Sosialtjenester, Barnevern, Vann, avløp, renovasjon/avfall, Fysisk planlegging/kulturminne/naturvern/nærmiljø, Kultur og Brann og ulykkesvern enn gjennomsnittet av alle kommunane i gruppe 13. Situasjonen er omvendt for Grunnskole, Kommunehelse, Pleie og omsorg, Kirke, og Næring.




Figur 8: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Tre alternativ for ev kommunesamanslåingar på Søre Sunnmøre samanlikna med alle kommunar i gruppe 13

Volda/Ørsta

Ei samanslåing av Volda og Ørsta vil i følgje SSB kome i gruppe 8, den same gruppa som Ørsta høyrer til.


Frå figur 9 kan følgjande trekkast fram. V/Ø brukar høvesvis mindre av brutto driftsutgifter til Adm, styring og fellesutg og Kultur enn gjennomsnittet av alle kommunane i gruppe 8, om lag like mykje til Barnehage og Grunnskole, men ein heil del meir til Pleie og omsorg og Næring.



Figur 9: Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter på sektorar. Ev samanslåing av Volda/Ørsta samanlikna med gruppe 8

4. Inntektssida

Brutto driftsinntekter 2002



Figur 10: Brutto driftsinntekter kr pr innb 2002


Kjelde: SSB

I figur 10 er beløpet for Søre Sunnmøre eit vekta gjennomsnitt av beløpet for dei einssilde kommunane, og altså ikkje noko anslag for beløp etter ei ev samanslåing av alle kommunane. Sande kommune peikar seg ut med store brutto driftsinntekter i kroner pr innb. Vanylven og Hareid er på høgde med talet for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo, medan dei andre kommunane på Søre Sunnmøre har lågare brutto driftsinntekter pr innb.

Delar av brutto driftsinntekter må sjåast i samanheng med demografiske, sosiale og geografiske tilhøve. Her er til orientering indeksane i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (2004):

Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
1,1960	1,2557	1,0038	0,9876	1,0127	1,0610	1,0344

Desse indeksane er meint å jamne ut for dei utslaga dei nemnde tilhøva har for utgiftsbehovet til administrasjon, skule, helse/sosial og landbruk/miljø.



Figur 11: Brutto driftsinntekter 2002 prosentvis etter kilde
Kjelde SSB


For ingen av kommunane på Søre Sunnmøre er det registrert naturressursskatt, som ev ville vere med i Skatt på inntekt og formue. Også for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo står denne posten (ev avrunda til) med null i statistikken. Ingen av kommunane på Søre Sunnmøre hadde inntekter frå eigedomsskatt.

Konsesjonskraftsinntekter og Eigedomsskatt er med i Andre driftsinntekter med følgjande tal (%):


	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre	Møre og Romsdal	Kommunane u/Oslo
Konsesjonskraftsinntekter	0,1	0,2	0,0	-	-	0,1	0,3	0,1	0,2	0,1
Eigedomsskatt									1,7	1,9

I figur 11 er Skatt på inntekt og formue og Statlig rammeoverføring til saman såkalla *frie inntekter*. Figuren viser variasjon kommunane i mellom, men hovudbiletet er at Søre Sunnmøre (summert som einskildkommunar), når det gjeld inntektskjelder prosentvis, framstår nokså gjennomsnittleg både sett i høve til kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo.


Samligningar med KOSTRA-grupper




Figur 12: Kommunar på Søre Sunnmøre i gruppe 1 samanlikna med gruppa
Kjelde: SSB



Figur 13: Kommunar (Sande) på Søre Sunnmøre i gruppe 2 samanlikna med gruppa
Kjelde: SSB



Figur 14: Kommunar på Søre Sunnmøre (Ørsta) i gruppe 8 samanlikna med gruppa
Kjelde: SSB




Figur 15: Kommunar på Søre Sunnmøre i gruppe 11 samanlikna med gruppa.
Kjelde: SSB

Når ein ser på figur 12-15 er det som fell mest i augo dei store brutto driftsinntektene Sande har pr innb samanlikna med si gruppe, og dei små brutto driftsinntektene pr innb Herøy, Ulstein og Volda har samanlikna med si gruppe.

Ev samanslåingar

Ev samanslåingar av Sande, Herøy, Ulstein og Hareid, av desse fire kommunane og Vanylven, og av alle kommunane på Søre Sunnmøre, vil for alle tre alternativ bli kommunar i gruppe 13 Store kommuner utenom de fire største byene, fordi det vert kommunar med over 20000 innb. Figur 16 viser brutto driftsutgifter pr innb i 2002 i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid; Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid; og gruppe 13.



Figur 16: Brutto driftsinntekter kr pr innb 2002

Kjelde: SSB

Brutto driftsinntekter pr innb i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid var i 2002 kr 37331, mot kr 35857 for gruppe 13. Skilnaden multiplisert med 22405 innb⁴ pr 01.01.03 i dei fire kommunane gjev meirinntekt på ca 33 mill kr.

Brutto driftsinntekter pr innb i Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid var i 2002 kr 37535, mot kr 35857 for gruppe 13. Skilnaden multiplisert med 26225 innb pr 01.01.03 i dei fem kommunane gjev meirinntekt på ca 44 mill kr.


Brutto driftsutgifter pr innb for alle kommunane på Søre Sunnmøre var i 2002 kr 36884, mot kr 35857 for gruppe 13. Skilnaden multiplisert med 44829 innb pr 01.01.03 i dei sju kommunane gjev meirinntekt på ca 46 mill kr.

⁴ Dei fire kommunane har nokså nøyaktig 50% av folketalet på Søre Sunnmøre.

Volda/Ørsta

Ei samanslåing av Volda og Ørsta vil i følgje SSB kome i gruppe 8, den same gruppa som Ørsta høyrer til.

Brutto driftsinntekter pr innb i Volda og Ørsta var i 2002 kr 35971, mot kr 34584 for gruppe 8., jf figur 17. Skilnaden multiplisert med 18604 innb pr 01.01.03 i dei to kommunane gjev meirinntekt på ca 25,8 mill kr.



Figur 17: Brutto driftsinntekter kr pr innb 2002

Kjelde: SSB

Framtida

Ein har ikkje prøvd å lage noko anslag for inntekter i framtida. Det er for mange usikre faktorar. Her er likevel noko aktuell informasjon.

Inntektssystemet

Som nemnt framanfor vil basistillegg, urbanitetskriterium og avstandskriteria i utgiftsutjamninga endre seg ved samanslåing av kommunar. Ein har ikkje prioritert å rekne på dette. Hausten 2003 vart det nemleg sett ned eit nytt inntektssystemutval. Utvalet har fått frist til 1. juli 2005 for å leggje fram utgreiinga si. Dette er ein hovudrevisjon som staten har signalisert om lag kvart 10. år. Frå 2006-2007 kan det såleis bli større endringar. Mandatet viser at det meste skal opp til vurdering. Av særleg interesse i samband med kommunesamanslåing kan nemnast pkt 4 som lyder: "I dagens inntektssystem betraktes kommunestørrelse som en "ufrivillig" kostnad, dvs. som gitt. Systemet kompensere for smådriftsulemper også i tilfeller der det er mulig å etablere en mer hensiktsmessig kommunestruktur. I tillegg til å utrede en utforming av fordelingsmekanismene (se punktene 3 a- 3e) basert på kommunestørrelse som "ufrivillig" kostnad, bes utvalget utrede en utforming av fordelingsmekanismene ut fra en forutsetning om at kommunestruktur er en "frivillig" kostnad i deler av landet". Sjølv utan endring av systemet er det vanskeleg å rekne på framtidige tilskot, ikkje minst fordi ein ikkje kjenner til kva andre kommunesamanslåingar som kan kome.

Skatt

Ingen av kommunane på Søre Sunnmøre har innført eigedomsskatt. Ein nemner elles berre at det vert vurdert å gje kommunane attende noko av selskapsskatten. Ei nyleg høyring viste ein del misnøye med sider av den samla pakken kring dette. Ein viser elles til den nyleg framlagde St.meld. nr. 29 (2003-2004) om skattereform.

Inndelingstilskot

Ordninga er meint å motverke inntektstap ved samanslåing av kommunar. Inndelingstilskot består av dei basistillegg og regionaltilskot som går tapt ved kommunesamanslåing. Basistillegg er fast pr kommune og er på vel 6 mill kr, regionaltilskotet på vel 3 mill kr. Regionaltilskot er det berre Sande på Søre Sunnmøre som får. Inndelingstilskotet blir reelt froze på det nivået det har det året kommunane slår seg saman, og varer i 10 år. Det er såleis føresett kompensasjon for prisstiging. Tilskotet vil deretter bli trappa ned over 5 år. I tider med normal rente blir ein tidshorisont på 10-15 år rekna for temmeleg lang.

5. Vurdering av innsparingspotensiale ved kommunesamanslåing

Nokre innleiande merknader

Stordriftsfordelar

Stordriftsfordelar finst når auka produksjonsmengde fører til lågare kostnad pr produsert eining. Til vanleg vil ikkje ein ikkje kunne få stadig lågare kostnad pr eining, og det finst då ei optimal produksjonsmengd. Denne optimale mengda er av ulik storleik for ulike kommunale tenester. Økonomisk teori, som her ikkje berre byggjer på stordriftsfordelar, kan ikkje svare på kva som er optimal storleik på ein kommune som yter fleire tenester. Sjølv berre økonomisk vurdert, blir storleiken på ein kommune eit kompromiss. Stordriftsfordelar er ikkje noko ein får, men noko ein kan oppnå. Verkemiddelet er produksjon i større skala (sentralisering), med minst same fokus på kostnadseffektivitet som før. Skjer det inga sentralisering etter ei kommunesamanslåing, så blir det inga innsparing på grunn av stordriftsfordelar. I praksis er det ein skala med ein slik tilstand i eine enden og full sentralisering i den andre enden. Ein mellomting kan vere å sentralisere eine funksjonen/det større anlegget til sentrum i tidlegare kommune x , den/det andre til sentrum i tidlegare kommune y . Slik sentralisering kan også skje ved samarbeid. På den andre sida svekker dette dagleg kontakt i eit større og breiare fagmiljø. Dei stordriftsfordelane ein kan oppnå på ein sektor er dei same ved samarbeid og samanslåing. For andre enn kommuneorganisasjonen har dei same fordelar og ulemper. Også større kommunar på Søre Sunnmøre kan samarbeide seg imellom eller med andre kommunar. Dei kan og desentralisere internt.

Kort og lang sikt

Strukturendringar som kommunesamanslåing bør i prinsippet vurderast på lang sikt. I praksis kan det vere bindingar, - eit godt eksempel no er nybygde institusjonar i eldreomsorga, som gjer vesentleg vidare sentralisering på ein sektor i praksis mindre aktuell for minst eit par tiår. Dersom bygg o.l. har ei brukstid på ca 40 år, og gjerne då gjennomsnittleg er ca 20 år gamle, blir eit par tiår ein tommelfingerregel for tidshorisont for å oppnå ein del av stordriftsfordelane.

Studerte sektorar

Ein tek for seg dei sektorane/tenestene som etter litteraturen er mest aktuelle med tanke på stordriftsfordelar, eller er nemnde i departementet sin analyserettleiar for kommuneinndeling. Dette er:

- Administrasjon
- Barnehage
- Grunnskole
- Kommnehelse
- Pleie og omsorg
- Tekniske tenester
- Kultur

Sektorar/tenester der stordriftsfordelar etter litteraturen i stor grad kan uttømast innanfor noverande kommunegrenser, som Barnehage og Grunnskole, er mindre grundig drøfta enn andre sektorar/tenester. Ein har likevel på enkelt vis søkt å vurdere lokale tilhøve opp mot litteraturen.

I den litteraturen ein kjenner til står Langørgen mfl (2002) i ei spesiell stilling ved å finne etter måten store innsparingar ved kommunesamanslåing på sektorar som Utdanning, Barnehagar og Pleie- og omsorg. Denne granskinga er drøfta i Appendiks 6. Ein kan ikkje i det lokale utgreiingsarbeidet ha ambisjonar om å avklare den faglege debatten. Eit spørsmål inn i debatten kan ein tillate seg: Kan ein del innsparingar i oppnåast utan kommunesamanslåingar ved "at mindre kommunar i større grad byrjar å oppføre seg/prioritere som større kommunar?". (Det er ikkje dermed sagt at det ev er ønskjeleg eller lett å gjennomføre dette).

Administrasjon

Administrasjon kan primært sjåast på som ei intern teneste. Det vanskeleg både å måle kva som vert produsert og kva effekt produktet har. Ein kan tenkje seg at utgifter til administrasjon ikkje aukar proporsjonalt med folketalet. Sjølv heller små kommunar vil gjerne ha ulike tilsette i administrative funksjonar, og ein treng ikkje alltid auke den administrative kapasiteten så mykje om folketalet aukar innan rimelege grenser. Både granskingar og utgreiingar om kommunesamanslåing reknar i regelen med slike stordriftsfordelar. Ein kan vel seie at innsparingar i administrasjon ofte vert hevda å vere det som lettast kan oppnåast. No tyder forsking på at små kommunar har hatt gode inntekter, og m.a. nytta dette til å halde ein høvesvis større administrasjon enn mellomstore og store kommunar har makta/prioritert. I mange kommunar utkantkommunar gjeld det og verdfulle arbeidsplassar for lokalsamfunna.

Når det gjeld kor stor ein kommune bør vere for å kunne administrerast på rimelegaste måte, verserer det ulike tal. Det har i alle høve vore hevda at det er etter måten lite å spare i kommunar over 5000 innb (ev 7000), og at optimal storleik er mellom 7000-19999 innb. I Kalseth og Rattsø (1998:75) er 19000 innb nemnt som den optimale storleiken. Tal opptil 60000 er og nemnde i denne samanhengen.

Maksimalt uttak av stordriftsfordelar i administrasjon ved kommunesamanslåing føreset ei klar avgjerd om kva stad som skal vere senter i den samanslåtte kommunen. Men ein del kan oppnåast ved å sentralisere ulike tenester til ulike stader, t.d. rekneskap til stad x og oppmåling til stad y . Stordriftsfordelar ved denne siste type sentralisering kan og oppnåast ved samarbeid. Ein bør i så fall merke seg at fordelar og ulemper for andre enn kommunar ved uttak av stordriftsfordelar på denne måten er dei same anten kommunane samarbeidar eller slår seg saman.

Administrasjon, styring og fellesutgifter

Når det vert vist til t.d. utgifter med administrasjon, er det ofte meint alt som i statistikken er med i Adm(inistrasjon), styring og fellesutg(ifter), som er ei samling av KOSTRA-funksjonane:

- 100 Politisk styring og kontrollorganer
- 120 Administrasjon
- 130 Administrasjonslokaler
- 180 Diverse fellesutgifter
- 190 Interne serviceenheter

Administrasjon, styring og fellesutgifter 2002	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre
100 Politisk styring og kontrollorganer	402	491	282	371	383	277	237	317
120 Administrasjon	2225	3407	2422	2699	2538	2150	1898	2345
130 Administrasjonslokaler	209	431	0	230	582	230	29	188
180 Diverse fellesutgifter	74	120	31	41	-93	211	271	117
190 Interne serviceenheter	32	0	11	1556	154	5	0	255
Brutto driftsutgifter kr pr innb	2942	4449	2746	4897	3564	2873	2435	3222
120 i % av total	76	77	88	55	71	75	78	73
120+130 i % av total	83	86	88	60	88	83	79	79

Tabell 10: Brutto driftsutgifter kr pr innb 2002 for Administrasjon, styring og fellesutgifter, Kjelde: SSB

Tabell 10 viser Brutto driftsutgifter kr pr innb 2002 til Administrasjon, styring og fellesutgifter for kommunane på Søre Sunnmøre og samla for desse kommunane, også pr KOSTRA-funksjon. Ein har også rekna ut kor mange prosent 120 Administrasjon og 120 Administrasjon + 130 Administrasjonslokaler utgjer av samla Administrasjon, styring og fellesutgifter.

Ein kjem attende til beløpet for Ulstein under 190 Interne serviceenheter. Generelt trur ein det kan vere ekstra uvisse kring tal for 180 Diverse fellesutgifter og 190 Interne serviceenheter. Dette gjeld ikkje minst i 2002 på grunn av nye ordningar med føring av pensjon.

Til Administrasjon, styring og fellesutgifter brukte kommunane på Søre Sunnmøre i alt 144,4 mill kr, dvs som tabell 10 viser kr 3222 pr innb.

Alternativ for samanslåingar samanlikna med KOSTRA-grupper

Ein viser til Appendiks 5 for drøfting av kvaliteten på samanlikningsgrunnlaget.

Ein vil tru at dei fleste kommunar (også) i gruppe 13 og 8 i dag har relativt sentralisert administrasjon i eit kommunesenter. Når gjennomsnittstal for grupper blir brukte for å lage anslag for innsparingar ved ev kommunesamanslåingar på Søre Sunnmøre, inneber dette ein føresetnad om same grad av sentralisering også på Søre Sunnmøre. Frå denne synsstaden er tala maksimumstal for innsparing. På den andre sida vil samanlikning med gruppegjennomsnitt ikkje gje maksimumstal.

Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid brukte i 2002 ca 84,3 mill kr i Brutto driftsutgifter for Administrasjon, styring og fellesutgifter. Pr innb 01.01.03 blir beløpet kr 3761. I gruppe 13 er gjennomsnittet kr 3091. Ved ei slik samanlikning er innsparingspotensialet ca 15 mill kr.

Tabell 10 viser kr 1556 pr innb for Ulstein for funksjon 190 Interne serviceenheter. I e.post 22.04.04 skriv Ulstein kommune: "Den ekstremt høge kostnaden skuldast at vi i 2002 nytta KOSTRA funksjon 190 opp mot fordeling av statstilskot i barnehagane (private og kommunale). Konto for inntektsføring av statstilskotet vert ikkje teke med i utrekning (vising) av kostnader for funksjon 190. For 2002 utgjer dette 10.381.768. (Frå 2003 har vi endra bruk av KOSTRA funksjon knytt til fordeling av statstilskotet)". Dersom ein reduserer Ulstein sine utgifter til Administrasjon, styring og fellesutgifter til gjennomsnittet i gruppe 11, der Ulstein høyrer til, vil dette gje ein reduksjon på ca 10,2 mill kr.

Utifrå statistikk er det vanskeleg å kunne gje eit stort sikrare svar enn eit innsparingspotensiale av storleiksorden 5 mill kr.

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid bruke i 2002 ca 95,5 mill kr i Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter. Pr innb 01.01.03 blir beløpet kr 3642. I gruppe 13 er gjennomsnittet kr 3091. Vanylven brukar mindre pr innb til Administrasjon, styring og fellesutgifter enn dette. Ved ei slik samanlikning er innsparingspotensialet ca 14,4 mill kr.

Dersom ein gjennomfører same resonnement for Ulstein som for føregåande alternativ, blir innsparingspotensialet av storleiksorden 4 mill kr.

Alle sju kommunane på Søre Sunnmøre

Kommunane på Søre Sunnmøre brukte i 2002 ca kr 144,5 mill kr i Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter. Pr innb 01.01.03 blir beløpet kr 3223. I gruppe 13 er gjennomsnittet kr 3091. Volda og Ørsta, som får stor vekt, brukar begge mindre pr innb til Administrasjon, styring og fellesutgifter enn dette. Ved ei slik samanlikning er innsparingspotensialet ca 5,9 mill kr.

Dersom ein gjennomfører same resonnement for Ulstein som for dei to føregåande alternativa, vert det ikkje noko innsparingspotensiale.

Volda og Ørsta

Volda og Ørsta brukte i 2002 ca 49 mill kr i Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter. Pr innb 01.01.03 blir beløpet kr 2631. Dette er mindre enn gjennomsnittet for gruppe 8, som er kr 3141.

Sluttmerknad

Viser til drøftinga i Appendiks 5. Ein kan ikkje sjå bort frå at tungdrivne einingar som alternativa på Søre Sunnmøre bør setje av større politiske og administrative ressursar til *utviklingsoppgåver*⁵ enn gjennomsnittet i dei respektive gruppene. Den sårbare næringsstrukturen på Søre Sunnmøre kan auke dette behovet.

Barnehage

I Hansen red (2003) står:

En sammenslåing av kommuner vil ikke redusere tallet på barnehager slik at kommunens utgifter vil være upåvirket.

Dette er likevel ikkje det same som at der ikkje kan vere stordriftsfordelar i barnehagedrift. I følge Ringstad og Løyland (1998) er økonomisk optimal storleik på barnehagar 49-58 heildagsplassar. I regelen vil dette vere stordriftsfordelar som er uavhengige av kommunestruktur. I einskilde tilfelle kan mindre grender i grannekommunar liggje slik til at større barnehagar kan ha med kommunestruktur å gjere, men slike stordriftsfordelar kan også oppnåast ved samarbeid.

I statistikken er sektoren Barnehage KOSTRA-funksjonane:

201 Førskole

211 Styrket tilbud til førskolebarn

221 Førskolelokaler og skyss

Søre Sunnmøre

Nøkkeltal for dekningsgrad viser høge tal for Søre Sunnmøre samla. Opphaldstid pr veke i barnehagar er likevel etter måten kort, og varierer dessutan mykje mellom kommunane.

Barnehage 2002	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre
201 Førskole	8878	5520	14142	5970	11099	15148	26537	87294
211 Styrket tilbud til førskolebarn	835	42	773	2048	790	1576	3870	9934
221 Førskolelokaler og skyss	1151	444	947	945	1159	1333	2436	8415
1000 kr	10864	6006	15862	8963	13048	18057	32843	105643
Brutto dr utg kr pr innb	2844	2311	1899	1334	2759	2166	3198	2357

Tabell 11: Brutto driftsutgifter 2002 1000 kr/kr pr innb for Barnehage

Kjelde: SSB

⁵Ein kan kanskje skilje mellom *velferdsoppgåver*, som kommunane primært driv med av omsyn til individ, og *utviklingsoppgåver*, som primært vert drivne for å utvikle samfunnet. Skiljet er ikkje skarpt.

Tabell 11 viser at kommunane på Søre Sunnmøre i 2002 brukte ca 105,6 mill kr til Barnehage, eller kr 2357 pr innb. Kommunane i Møre og Romsdal brukte i 2002 gjennomsnittleg kr 2384 og kommunane u/Oslo kr 2757 pr innb.

Vurdering

Ved vurdering av kommunestruktur på Søre Sunnmøre synest det ikkje vere nemnande grunnar til å fokusere på Barnehage. Samanlikna med andre stader er hovudintrykket ei ganske omfattande, og i alle fall ikkje dyr drift.

Grunnskole

Busetnadmønster endrar seg ikkje (brått) ved kommunesamanslåing. Kor vidt skular blir slått saman og klasser vert større har i regelen lite med kommunestruktur å gjere. Pedersen (1995:78) brukar følgjande velvalde generelle vendingar om slike tilhøve:

... små kommuner ofte netop er små, fordi de er beliggende i tyndt befolkede områder. Det er her ikke nødvendigvis selve kommunestørrelsen, men det forhold at det er vanskelig at operere med serviceinstitusjoner i stor skala i landområder hvis det ikkje skal blive for langt til brukerne, som kan give anledning til relativ høj gennemsnitsudgift på visse utgiftsområder.

I einskilde tilfelle kan mindre grender i grannekommunar liggje slik til at skulestruktur kan ha med kommunestruktur å gjere, men slike stordriftsfordelar kan også oppnåast ved samarbeid. Kommunegrenser kan og skjere gjennom samanhengande bebygde område og gje auka kostnad i grunnskulen (NOU 1992:15 Christiansen-utvalet side 30, jf og Laudal og Steineke 2001:47). I desse tilfella kan stordriftsfordelane også oppnåast ved samarbeid.

I statistikken er sektoren Grunnskole KOSTRA-funksjonane:

202 Grunnskole

213 Voksenopplæring

214 Spesialskoler

215 Skolefritidstilbud

222 Skolelokaler og skyss

383 Musikk- og kulturskoler

Søre Sunnmøre

På Søre Sunnmøre var det 107 elevar pr kommunal skule i 2002, medan det for kommunane i Møre og Romsdal var 134 og i kommunane u/Oslo 183. I gruppe 8 er talet 215 og 259 i gruppe 13.

På Søre Sunnmøre var det 18,3 elevar pr klasse i 2002, medan det for kommunane i Møre og Romsdal var 18,9 og i kommunane u/Oslo 20,2.

På Søre Sunnmøre var Årstimer utover minstetimetallet pr elev 26 i 2002, det same som for kommunane i Møre og Romsdal. For kommunane u/Oslo var talet 25.

Nøkkeltal tyder i det heile på at tilbodet for funksjonane 202 Grunnskole⁶ og 222 Skolelokaler og skyss⁷ ikkje står noko til atters på Søre Sunnmøre. Eit svakt punkt er midlar til inventar og utstyr.

Nøkkeltal tyder på tilbodet for 383 Musikk- og kulturskoler er bra. For 213 Voksenopplæring og 215 Skolefritidstilbud tyder derimot nøkkeltal på eit tilbod som ikkje er heilt på høgde.

Grunnskole 2002	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre
202 Grunnskole	29179	22904	57246	51452	38420	66409	71093	336703
213 Voksenopplæring	412	1175	2664	2933	4010	4109	3969	19272
214 Spesialskoler	0	0	0	2205	0	0	0	2205
215 Skolefritidstilbud	700	929	2386	3201	2031	4294	3217	16758
222 Skolelokaler og skyss	7695	5057	12722	8363	6196	15259	15750	71042
383 Musikk- og kulturskoler	1363	700	3667	3040	1333	1685	2408	14196
1000 kr	39349	30765	78685	71194	51990	91756	96437	460176
Brutto dr utg kr pr innb	10301	11837	9418	10593	10992	11009	9391	10265
Brutto dr utg kr pr innb 202 + 222	9653	10758	8374	8900	9433	9798	8457	9096

Tabell 12: Brutto driftsutgifter 2002 1000 kr/kr pr innb for Grunnskole

Kjelde: SSB

Etter tabell 12 brukte kommunane på Søre Sunnmøre brukte i 2002 ca 460,2 mill kr til heile *sektoren* Grunnskole, eller kr 10265 pr innb. Kommunane i Møre og Romsdal brukte i 2002 gjennomsnittleg kr 9575 og kommunane u/Oslo kr 9421 pr innb.

Kommunane på Søre Sunnmøre brukte kr 9145 pr innb til funksjonane 202 Grunnskole (medrekna 214 Spesialskoler for Ulstein⁸) og 222 Skolelokaler og skyss.

Vurdering

Svært grovt sagt vil samanlikning med dei gruppene ein kjem i etter alternativa for samanslåing av kommunar på Søre Sunnmøre tilseie dobbelt så store skular. Som nemnt er ei ev gjennomføring av dette noko som i prinsippet stort sett ev kan gjerast innanfor noverande grenser. Ein kjenner til at det i fleire kommunar på Søre Sunnmøre siste åra er lagt fram tal

⁶I rettleiinga heiter det om *funksjonen* 202 Grunnskole:

”Undervisning i grunnskolen (all undervisning, inkl. delingstimer, spesialundervisning, vikarer m.m. og konverteringsressurser, jf. GSI:årstimer). Funksjonen omfatter vidare administrasjon på den enkelte virksomhet/skole, rådgiver på ungdomstrinnet, kontaktlærar, samlingsstyrer og etterutdanning for lærere og avtafestede ytelser (reduisert leseplikt, virkemiddelordningar m.v.), pedagogiskpsykologisktjeneste (ekskl. PPTs innsats i barnehager og voksenopplæring), assistenter, morsmålundervisning, skolebibliotekar, kontorteknisk personale/kontordrift, skolemateriell, undervisningsmateriell og -utstyr m.m. Utgifter til ekskursjoner som ledd i undervisning inngår i funksjonen, mens skoleskyss føres på funksjon 222”.

⁷Hovudregelen er at fylkeskommunen står for skuleskyssen, men kommunane refunderer vanleg persontakst.

⁸Ulstein kommune opplyser i e.post 13.02.04 at posten på vel 2,2 mill kr på 214 Spesialskoler gjeld spesialundervisning for born som er plasserte i fosterheimar i andre kommunar. Etter rettleiinga skal denne funksjonen berre brukast for utgifter knytte til institusjonar som er registrerte som spesialskular i Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

som viser ganske store innsparingar ved sentralisering av grunnskulen. Slike utrekningar må ta utgangspunkt den heilt konkrete situasjonen, og ikkje i generell statistikk.

For spesialfunksjonar innanfor grunnskulen vil det i regelen vere stordriftsfordelar, og samarbeid om t.d. pedagogisk psykologisk teneste er utbreidd. For slike funksjonar vil naturlegvis også rekruttering og miljø vege tungt.

Som venta er Grunnskole heller ikkje på Søre Sunnmøre ein viktig sektor ved vurdering av kommunestruktur.

Kommunehelse

Kommunane på Søre Sunnmøre hadde i 2002 brutto driftsutgifter på ca 70,9 mill kr til Kommunehelse, eller kr 1581 pr innb. Tilsvarende tal for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo er kr 1650 og kr 1612.

I statistikken er Kommunehelse KOSTRA-funksjonane:

- 232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste
- 233 Forebyggende arbeid, helse
- 241 Diagnose, behandling, rehabilitering

Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste

Nøkkeltal viser at desse tenestene jamt over er godt utbygde på Søre Sunnmøre, med unntak av fysioterapiteneste. Kommunane på Søre Sunnmøre brukte i 2002 ca 14,3 mill kr til føremålet, eller kr 319 pr innb.

For funksjon 232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste finst stordriftsfordelar, men det er ”grunn til å tro at store strukturendringer ikkje er ønsket fordi tilgjengeligheten til tenestene oppleves som helt sentral i tjenesteproduksjonen” (Hansen red 2003:67). Samarbeid mellom kommunar for ei viss arbeidsdeling/spesialisering mellom fagpersonar synest likevel vere aktuelt. Eit slikt samarbeid kan og oppnåast ved samanslåing.

Forebyggende arbeid, helse

Nøkkeltal viser at desse tenestene jamt over er godt utbygde på Søre Sunnmøre. Kommunane på Søre Sunnmøre brukte i 2002 ca 7,2 mill kr til føremålet, eller kr 160 pr innb.

For funksjon 233 Forebyggende arbeid, helse synest samarbeid mellom kommunar for ei viss arbeidsdeling/spesialisering mellom fagpersonar å vere aktuelt. Eit slikt samarbeid kan og oppnåast ved samanslåing.

*Diagnose, behandling, rehabilitering*Stordriftsfordelar i primærlegeteneste

Utgiftene pr innb til primærlegeteneste minkar med aukande kommunestorleik inntil 30000 innb (Kjelvik 2004:9). Då er desse utgiftene rekna med (:9):

1. Lønnsutgifter til fastlønnte leger og turnusleger
2. Basistilskudd m.m. til privatpraktiserende leger
3. Driftsutgifter til legevakt m.m.
4. Driftsutgifter til legesenter m.m.
5. Øvrige utgifter til primærlegetjenesten

Kommunane u/Oslo brukte i 2002 kr 738 gjennomsnittleg til primærlegetenesta. Tabell 13 viser brutto driftsutgifter til primærlegetenesta etter kommunestorleik.

Det er først og fremst lønskostnader til fastlønna legar/turnuskandidatar og driftsutgifter til legesenter som gjer gjennomsnittlege brutto driftsutgifter pr innb større i mindre kommunar. Lønskostnaden pr innb er minst for kommunar mellom 30000-49999 innb. Driftsutgifter pr innb til legesenter er minst for kommunar med 50000+ innb. Driftsutgifter pr innb til legevakt m.m. er lågast for kommunar med mellom 10000-19999 innb (:10).

Statistisk sentralbyrå har ikkje tilsvarende data for einskildkommunar.

	Gjennomsnitt pr innbygger løpende kroner	Gjennomsnitt pr innbygger, indeks
	2002	2002
Totalt u/Oslo	738	100
0-1999	2337	316
2000-4999	1422	193
5000-9999	867	117
10000-19999	638	86
20000-29999	549	74
30000-49999	478	65
50000 +	531	72

Tabell 13: Brutto driftsutgifter primærlegetenesta etter kommunestorleik


Kjelde: Kjelvik 2004

KOSTRA-funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering


Nøkkeltal viser at legetenesta er godt utbygd på Søre Sunnmøre, men talet på årsverk fysioterapi pr 10000 innb er ikkje så høgt som gjennomsnittleg for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo.

Til KOSTRA-funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering brukte kommunane på Søre Sunnmøre 49,4 mill kr i 2002, eller kr 1102 pr innb. Figur 18 viser brutto driftsutgifter kr pr

innb til funksjonen i relasjon til folketallet pr 01.01.03 i dei ymse kommunane. I dette vesle materialet avvik Hareid og Ulstein direkte frå ein tanke om at utgiftene pr innb vert mindre med aukande innbyggartal. Desse kommunane peikar seg ut med låge lønsutgifter til funksjonen, og det er venteleg organiseringa av legetenesta som slår ut. Dette gjer det interessant å studere netto driftsutgifter pr innb, jf figur 19.



Figur 18: Brutto driftsutgifter kr pr innb 2002 for 241 Diagnose, behandling, rehabilitering
Kjelde: SSB



Figur 19: Netto driftsutgifter kr pr innb 2002 for 241 Diagnose, behandling, rehabilitering
Jf figur 18 for nøyare forklaring

Kjelde: SSB

På Søre Sunnmøre synest det som om organisering av legetenesta har ein del å seie økonomisk for kommunane. Men ein går ikkje her nøyare inn på det.

Sande og Vanylven med lågt folketal har høge utgifter pr innb. For heile Søre Sunnmøre er netto driftsutgifter pr innb 2002 til 241 Diagnose, behandling, rehabilitering kr 752 pr innb (eller ca som for Herøy, Volda og Ørsta), for Sande kr 1351 og for Vanylven kr 1025. For Sande utgjer dette meirutgifter i høve til gjennomsnittet for heile Søre Sunnmøre på ca 1,6 mill kr, for Vanylven ca 1 mill kr.

Innleiingsvis er nemnt at utgiftene pr innb til primærlegeteneste minkar med aukande kommunestorleik inntil 30000 innb. Her er allereie teke omsyn til det samarbeid som finst mellom kommunar. Ein kan likevel tru at vidare stordriftsfordelar innan denne funksjonen kan oppnåast alternativt ved samarbeid eller samanslåing.

Legevakt

Funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering inkluderer legevakt.

Hareid og Ulstein samarbeider om legevakt. Herøy og Sande har hatt gåande eit samarbeidsprosjekt. Evaluering for ev permanent ordning skal starte 01.04.04.

Når det gjeld varslingssteneste for legevakt er alle sju kommunane på Søre Sunnmøre knytte til legevaktssentralen i Volda, i tilknytning til sjukehuset der.

For legevakt, og særleg varslings, har interkommunalt samarbeid vore ei aktuell sak lenge, uavhengig av vurdering av samanslåing av kommunar.

Alternativ for samanslåing samanlikna med KOSTRA-grupper

Ein viser til Appendiks 5 for drøfting av kvaliteten på samanlikningsgrunnlaget.

Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Kommunehelse på kr 1606. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 1407. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 4,5 mill kr.

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Kommunehelse på kr 1701. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 1407. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 7,7 mill kr.

Alle sju kommunane på Søre Sunnmøre

Kommunane på Søre Sunnmøre hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Kommunehelse på kr 1581. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 1407. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 7,8 mill kr.

Volda og Ørsta

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Kommunehelse på kr 1413. Samanslått kjem dei i gruppe 8, der gjennomsnittet er det same.

Pleie og omsorg

I statistikken er Pleie- og omsorgstjenester KOSTRA-funksjonane:

- 234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede
- 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon
- 254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet
- 261 Botilbud i institusjon

Funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon og 261 Botilbud i institusjon omfattar institusjonar med heildøgns pleie- og omsorg, og slik at m.a. vaktmeister, kraft, vedlikehald og kapitalkostnader er skilt ut i funksjon 261.

Institusjonsomsorg

Generelt om stordriftsfordelar

I NOU 1996:1 (Rattsø-utvalet:22) står:

Utvalget har også foretatt analyser av utgifter pr. plass og årsverk pr. plass i institusjonsomsorgen. Formålet med analysene er å undersøke om kommuner med lavt innbyggertall har smådriftsulemper i institusjonsdriften. Materialet viser at kommuner med færre enn 2 000 innbyggere har høye enhetskostnader i institusjonsomsorgen, men at dette først og fremst skyldes at disse kommunene har et høyt inntektsnivå. Etter at det er kontrollert for inntektsforskjeller, er det ikke mulig å dokumentere at små kommuner har høye enhetskostnader i institusjonsomsorgen. Utvalget kan følgelig ikke anbefale at det tas hensyn til kommunestørrelse i utformingen av kostnadsnøkkelen.⁹

Myrvold (2001:47) summerer opp forskning slik:

For institusjoner under 15 senger er det betydelige smådriftsulemper i driften, ... Stordriftsfordelene er stort sett uttømt ved 40 senger. På kapitalsiden er det store smådriftsulemper for institusjoner med mindre enn 30 senger, mens stordriftsfordelene er uttømt ved ca. 100 senger.

⁹Det Rattsø-utvalet summerer opp i sitatet ovanfor var grunnlaget for å fjerne vekt for basistillegget i kostnadsnøkkelen for helse- og sosialsektoren, noko som hadde negative konsekvensar for små kommunar.

Langørgen mfl (2002:15) supplerer:

40 sengeplasser, en størrelse som gir tilstrekkelig sykehjemsdekning i en gjennomsnittskommune med 5000 innb.

Pr. 01.01.02 hadde Etne 3965 innb, Ølen 3338 innb og Vindafjord 4827 innb, til saman 12130 innb. Laudal og Moxnes Steineke (2001:48) skriv: ”Man ville oppnådd relativt store innsparinger ved å slå sammen de tre sykehjemmene i EØV-kommunene”.

Her er det uvisse som kjenneteiknar det samla inntrykket¹⁰.

Søre Sunnmøre

Ein større del av innb på 67 år og over har institusjonsplass på Søre Sunnmøre enn gjennomsnittleg for kommunane i Møre og Romsdal og kommunane u/Oslo. Dette gjeld særleg for innb på 80 år og over. Ein mindre del av plassane er for aldersdemente enn gjennomsnittleg for kommunane u/Oslo, men ein ligg på dette punktet litt høgare enn kommunane i Møre og Romsdal.

Kommunane på Søre Sunnmøre brukte i 2002 255,9 mill kr til funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon og 19,9 mill kr til funksjon 261 Botilbud i institusjon, til saman 275,8 mill kr. Figur 3 viser at beløp pr innb varierer ein heil del mellom kommunane.


Skilnaden i brutto driftsutgifter pr innb som vist i figur 20 kan ha fleire grunnar som i alle fall demografiske, ulik organisering (institusjon/heimebasert) og ulik prioritering av pleie og omsorg generelt.

	Indeks innb. 67-79 år	Indeks innb. 80-89 år	Indeks innb. over 90 år
Vanylven	1,1855	1,5314	1,5091
Sande	1,3178	1,2241	1,8378
Herøy	1,0418	1,0288	0,9660
Ulstein	0,7838	0,8284	0,7842
Hareid	1,0488	1,1120	0,9054
Volda	1,0211	1,2559	1,2647
Ørsta	1,1402	1,2518	1,5879

Tabell 14: Indeksar i utgiftsutjamninga i inntektssystemet

Kjelde: Kommunal- og regionaldepartementet 2003b

¹⁰Ein gjer merksam på at Rattsø-utvalet ikkje studerte kapitalkostnader.



Figur 20: Brutto driftsutgifter kr pr innb 2002 for funksjonane 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon og 261 Botilbud i institusjon

Kjelde: SSB

For å kaste noko lys over demografien blir vist til tabell 14. Ein indeks på 1 tilseier like stor del av innbyggjarar i årsklassa i landet som av alle innbyggjarar i landet. Utifrå denne svært avgrensa analysen tyder mykje på at demografi er viktig for brutto driftsutgifter til institusjonsomsorga, sjølv om institusjonsdrift ikkje berre gjeld eldreomsorg. Hareid er eit unntak med store brutto driftsutgifter til institusjonsomsorga i høve til kor mange eldre kommunen har.


Heimebasert omsorg

Heimebasert omsorg har i særleg grad lite med kommunesamanslåing å gjere. Det er likevel sett noko på statistikken, ikkje minst for å kunne kaste lys over heilskapen i pleie og omsorg.

Til 234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede nytta kommunane på Søre Sunnmøre i 2002 24 mill kr, til 254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet 178,3 mill kr. Til saman vert dette 202,3 mill kr, eller kr 4513 pr innb.

Pleie og omsorg samla

Figur 21 viser brutto driftsutgifter kr pr innb samla for KOSTRA-funksjonane for Pleie- og omsorgstjenester.



Figur 21: Brutto driftsutgifter kr pr innb 2002 for Pleie- og omsorgstjenester
Kjelde: SSB

Hareid skil seg ut med låge brutto driftsutgifter pr innb til heimebasert omsorg. For 254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet hadde Sande i 2002 ca kr 2500 pr innb meir i brutto driftsinntekt pr innb enn gjennomsnittleg for kommunane på Søre Sunnmøre.

Brutto driftsutgifter pr innb til Pleie og omsorgstjenester for kommunane på Søre Sunnmøre i 2002 er 475,8 mill kr, eller kr 10666 pr innb, jf figur 21. Tilsvarande tal for kommunane i Møre og Romsdal er kr 11420, og for kommunane u/Oslo kr 10225.

Nedanfor er gjort greie for anna materiale som kan kaste lys over pleie og omsorg i kommunane på Søre Sunnmøre.

”Hjulet”

På landsbasis vert det arbeidd ut eit såkalla Styrings- og informasjonshjul for helse- og sosialtjenestene i kommunene.

Tabell 15 byggjer på decilar (tidelar). Tabellen viser Behov til høgre, ved hjelp av eit par indikatorar. Gjennomsnittet av desse blir delindeks II for Behov. Låg indeks tyder høgt behov. Tre Tjenester er vist midt i tabellen, og delindeks I er rekna ut for dei. Låg indeks tyder godt utbygde tenester. T.d. har ca 45% av kommunane/bydelane større behov enn Sande, medan ca 35% har betre utbygde tenester. Når ein så i første kolonne dividerer delindeks II på delindeks I, får ein eit tal som illustrerer kor godt utbygde tenestene er i høve til behovet. På Søre Sunnmøre kjem Sande og Hareid godt ut, medan Vanylven har svakt utbygde tenester i høve til behovet; i følge denne analysen.

Pleie- og omsorgstjenesten i kommunene. Indekser for behov og utbygging av tjenester. 2001								
	Samsvar mellom tjenester og behov	Tjenester				Behov		
		Indeks	Delindeks I	Mottakere hjemme-tjenester	Plasser i eldreinstitusjoner	Årsverk pleie og omsorg	Delindeks II	Andel innbyggere 67-79 år
Vanylven	0,6	6,7	8	5	7	4	5	3
Sande	1,3	3	5	3	1	4	3	5
Herøy	1	7	7	6	8	7	7	7
Ulstein	1	9,3	9	10	9	9	9	9
Hareid	1,2	5,3	1	7	8	6,5	7	6
Volda	0,9	6,7	6	7	7	6	7	5
Ørsta	0,8	6,3	7	4	8	5	5	5

Tabell 15: Indeksar for pleie og omsorg 2001

Kjelde: "Hjulet" 2002

Teknisk effektivitet

Erlandsen (1998) brukte *dataomhyllingsanalyse*¹¹ for å vurdere *teknisk effektivitet*¹² i pleie og omsorg i norske kommunar. Data er frå 1995. Det er viktig med fleirsidig perspektiv, og sjølv om denne granskninga byggjer på noko gamle data, tek ein med litt frå han.

Etter tabell 16 kolonne 1 fanst det kommunar som i 1995 produserte like mykje pleie- og omsorgstjenester som Vanylven med 16,4% mindre innsatsfaktorar, men ingen kommunar overgjeikk Volda på dette viset. Ulstein fekk etter denne analysen etter måte lite ut av sine innsatsfaktorar.

	Teknisk effektivitet	
	Innsatsfaktor-sparande	Produksjonsaukande
Vanylven	0,836	0,865
Sande	0,783	0,765
Herøy	0,829	0,870
Ulstein	0,543	0,643
Hareid	0,720	0,722
Volda	1,000	1,000
Ørsta	0,775	0,806

Tabell 16: Teknisk effektivitet pleie og omsorg 1995

Kjelde: Erlandsen (1998)

Etter tabell 16 kolonne 2 oppnådde Vanylven 86,5% av den produksjonen i pleie og omsorg som den mest produktive kommunen i landet klarte med same innsats av produksjonsfaktorar. Ingen kommune i landet produserte meir enn Volda med same innsats.

¹¹I ein slik analyse let ein data tale for seg sjølv.

¹²*Teknisk effektivitet* er eit omgrep som her vert brukt for det same som *produktivitet*, nemleg tilhøvet mellom produsert mengde av varer og tenester og innsatsfaktorar.

I denne type analyse står 1 (ev 100) for ”den beste kommunen” og ikkje den gjennomsnittlege slik som i mange andre typar analysar.

Alternativ for samanslåing samanlikna med KOSTRA-grupper

Ein viser til Appendiks 5 for drøfting av kvaliteten på samanlikningsgrunnlaget.

Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Pleie- og omsorgstjenester på kr 10606. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 9488. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 25 mill kr.

Sande hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Pleie- og omsorgstjenester på kr 20094, jf figur 4. Det er gjort ein enkel følsomheitsanalyse med kraftig redusert tal for Sande, til kr 12000¹³. Gjennomsnittet for Sande, Herøy, Ulstein og Hareid blir då kr 9667, som er kr 179 høgare enn gjennomsnittet i gruppe 13. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 4 mill kr.

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Pleie- og omsorgstjenester på kr 10616. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 9488. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 29,6 mill kr.

Med same framgangsmåte for Sande som ved førre alternativ blir gjennomsnittet for Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kr 9814, som er kr 326 høgare enn gjennomsnittet i gruppe 13. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 8,5 mill kr.

Alle sju kommunane på Søre Sunnmøre

Brutto driftsutgifter pr innb til Pleie- og omsorgstjenester for kommunane på Søre Sunnmøre er som nemnt kr 10666. Samanslått kjem dei i gruppe 13, der gjennomsnittet er kr 9488. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 52,8 mill kr.

Med same framgangsmåte for Sande som ved dei to føregåande alternativa blir gjennomsnittet for alle kommunane på Søre kr 10196, som er kr 708 høgare enn gjennomsnittet i gruppe 13. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 31,7 mill kr.

Volda og Ørsta

Desse kommunane hadde i 2002 brutto driftsutgifter pr innb til Pleie- og omsorgstjenester på kr 10735. Som figur 4 viser var det liten skilnad på kommunane. Samanslått kjem dei i gruppe 8, der gjennomsnittet er kr 8664. Skilnaden multiplisert med folketal gjev ca 38,5 mill kr.

¹³Ein kjenner til at Sande kommune sjølv arbeider med å granske utgiftene til Pleie og omsorgstjenester.

Vurdering

I samband med handlingsplanen for eldreomsorga siste åra er det investert i til dels store institusjonar innanfor noverande kommunestruktur. Dette gjer at ein del av dei data som ligg føre allereie er mindre relevante. Kommunestruktur bør vurderast på lang sikt, og ideelt uavhengig av eksisterande bygg som blir brukte til administrasjon og tenesteproduksjon. Men når det gjeld heilt nye og store bygg som vil vare i fleire tiår, så må eksistensen av slike takast omsyn til når ein vurderer moglege innsparingar utifrå gjennomsnittstal. Ved både kommunesamanslåing og –samarbeid kan ein ev samordne bruken av eksisterande anlegg. På den andre sida kan store avstandar opplevast negativt også ved institusjonsopphald.

Ein kan gå utifrå at det på rimeleg kort sikt er vanskeleg å oppnå nemnande innsparingar i pleie og omsorg ved kommunesamanslåing. Også på dette feltet vil ein venteleg kunne oppnå ein del på arbeidsdeling/spesialisering for somme deltenester gjennom alternativt samarbeid/samanslåing.

Dei data som ligg føre viser variasjonar mellom kommunane på Søre Sunnmøre når det gjeld profil (institusjon/heimebasert), samsvar mellom tenester og behov, utgifter og utnytting av innsatsfaktorar. (Det er heller ikkje så lett å vurdere data frå ulike analysar i samanheng, t.d. for Hareid kommune). Ved samanslåing av kommunar er det rimeleg å tru det etter kvart vil kome i gang ein samordnande prosess. I utgangspunktet er ulikskapen stor særleg for alternativa Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein; Hareid, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid; og alle sju kommunane på Søre Sunnmøre. Økonomiske omsyn vil måtte spele ei rolle, men slike prosessar verkar gjerne best etter opplegget: Omstillingsfase, stabiliseringsfase, og om nødvendig innsparingsfase. For kommunane gjer lovkravet om budsjettbalanse kvart år at slike prosessar lett må forserast. T.d. dei statlege helseføretaka har akkurat på dette punktet for tida eit mildare regime å halde seg til.

Pleie og omsorg er ein stor sektor. Eldrebølgja aktualiserer sektoren framover. Variasjonane verkar som nemnt temmeleg store. Ytterlegare samarbeidsløysingar med samråding, kompetansespreiing o.l. (og eit islett av leiarskap?) verkar tilrådeleg.

Tekniske tjenester

Generelt

Av ymse grunnar har kommunar nokså ulike tilbod av Tekniske tjenester. Det er ventande at somme slike tenester er meir utbygde i kommunar med store tettbygde senter. Ein kjenner og til at organiseringa kan variere, slik at kommunerekneskap ikkje gjev fullgodt bilete.

I følgje Myrvold (2001:50) er det gjort lite forking sidan starten av 90-talet. I følgje NOU 1992:15 (Christiansen-utvalget:137) var det dei mellomstore kommunane som hadde lågast brutto driftsutgifter pr innb på dåverande hovudkapittel 1.6 Utbyggings- og bustadformål.

Sanda (2002:85) skriv:

Innan kommunalteknikk er det klare stordriftsfordelar knytt til spesialutstyr og –kompetanse. Dokumentasjonen for dette har ein i alle dei interkommunale samarbeida innan det tekniske området som er etablert og som fungerer godt.

Kommunegrenser som skjer gjennom samanhengande bebygde område kan gje auka kostnad for tekniske tenester (NOU 1992:15, side 30).

Med *tekniske tenester* skal vi her meine:

1. Vann, avløp, renov./avfall
2. Samferdsel
3. Brann og ulykkesvern

Vann, avløp, renov./avfall

I statistikken er Vann, avløp, renov./avfall KOSTRA-funksjonane:

- 340 Produksjon av vann
- 345 Distribusjon av vann
- 350 Avløpsrensing
- 353 Avløpsnett/innsamling av avløpsvann
- 354 Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l.
- 355 Innsamling av forbruksavfall
- 357 Gjenvinning og sluttbehandling av forbruksavfall

Tabell 17 viser at kommunane på Søre Sunnmøre i 2002 brukte ca 61,7 mill kr, eller kr 1376 pr innb til Vann, avløp, renov./avfall. Ulik organisering/rekneskapsføring har tydelegvis stor innverknad på tala.

Vann, avløp, renov./avfall 2002	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Søre Sunnmøre
340 Produksjon av vann	599	899	1	502	2473	1207	1554	7235
345 Distribusjon av vann	784	2071	164	1682	2382	1905	4552	13540
350 Avløpsrensing	179	0	272	0	0	292	2414	3157
353 Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	926	512	4634	1059	2852	1737	5082	16802
354 Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l.	650	58	0	546	0	0	0	1254
355 Innsamling av forbruksavfall	1194	1895	5482	4666	3536	20	25	16818
